

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDALDato: 08.03.2019
Vår ref.: 2015/11214-17
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Svar på spørsmål om raskartlegging av Fv 40 i Kvinnherad

Hordaland fylkeskommune viser til brev frå Kvinnherad kommune ved ordførar Peder Sjo Slettebø av 05.03.19. I brevet ber ordføraren Hordaland fylkeskommune om at det blir gjennomført ei raskartlegging av strekninga mellom Matre og Åkra på Fv 40, etter raset som gjekk sist sommar.

I investeringsprogram for fylkesvegnettet 2019-2029 ligg det inne 35 mill kr i åra 2020 og 2021 til denne strekninga. Statens vegvesen har nyleg gjort vurderingar for best mogeleg nytte av desse midlane. Ein ser for seg å skredsikre kring alle dei tre tunnelane ved Sunndal, og sikring av sidebratt terreng ved Baugstø. I tillegg vil ein ta med ein del skjeringar og skjeringstoppar på andre prioriterte stader på vegstrekninga

Vi kan opplysa om at Statens vegvesen no gjennomfører ei rullering av skredsikringsbehova for alle riks- og fylkesvegar i landet, i samband arbeidet med Nasjonal Transportplan. Dei nye behovslistene skal bli klare i desember 2019. Dermed meiner vi at den omtalte strekninga er rimeleg kartlagt og planlagt sikra innafor tilgjengelege midlar til rassikring på fylkesvegnettet per i dag.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest